


Kort om

SPRÅK- LOVA §

Reglar for kommunar
og fylkeskommunar

Språkrådet:

**Språklova tok til å gjelde
1. januar 2022. Lova gjeld for
alle offentlege organ: sentrale
og regionale statsorgan,
fylkeskommunar og kommunar.**



Utgjevar:
Språkrådet 2022

Design og illustrasjon: Anagram Design
Trykk: Kai Hansen Trykkeri

Innhald

Kva plikter har kommunar og fylkeskommunar?	6
Bruk klart språk	8
Bruk både nynorsk og bokmål	10
Reglar for kommunar	11
Reglar for fylkeskommunar	12
Kva seier språklova om andre språk enn norsk?	16

Kva plikter har kommunar og fylkeskommunar?



Norsk er fleirtalsspråket og forvaltnings- språket i Noreg. Kommunale og fylkes- kommunale organ skal bruke, utvikle og styrke norsk. Det vil seie at dei skal bruke norsk som hovudspråk, og at dei skal

- bruke eit klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa
- følgje dei offisielle rettskrivingsreglane

Er det lov å bruke engelsk i kommunar og fylkeskommunar?

Det er ikkje noko direkte forbod mot å bruke engelsk. Men forvaltningsspråket i Noreg er norsk, og bruk av berre engelsk i allment tilgjengeleg informasjon og digitale løysingar er ikkje i tråd med den vedtekne språkpolitikken. Kommunale og fylkeskommunale organ skal ikkje gjere noko som fører til at norsk språk blir fortrengt av engelsk på noko fagområde eller samfunnsområde.

Bruk klart språk


Kommunale og fylkeskommunale organ skal bruke eit klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa. Plikta gjeld både publikumsretta informasjon og informasjon til enkeltpersonar.

Les meir om klart språk på [klarspråk.no](#).

Følg rettskrivingsreglane

Kommunale og fylkeskommunale organ skal følgje offisielle rettskrivingsreglar, altså reglar for korleis ord skal skrivast og bøyast. Rettskrivingsreglane omfattar òg reglar for teiknsetjing og for bruk av store og små bokstavar.

Les meir om rettskriving og teiknsetjing på [språkrådet.no](#).



Bruk både nynorsk og bokmål

I Noreg har vi to jamstilte skriftspråk: bokmål og nynorsk. Språklova seier korleis offentlege organ skal bruke dei to skriftspråka.

Reglar for kommunar

For kommunane gjeld berre dei heilt generelle reglane i språklova: Kommunane skal bruke eit klart og korrekt språk og følgje dei offisielle rettskrivingsreglane. Kommunane får ikkje andre plikter med språklova. Ein kommune kan fastsetje reglar for korleis dei tilsette skal skrive internt. Dei tilsette i kommunen pliktar å følgje slike interne språklege retningslinjer.



Reglar for fylkeskommunar

Med språklova har fylkeskommunane fått eit utvida språkansvar. Fylkeskommunale organ skal

- kommunisere skriftleg med privatpersonar på det skriftspråket privatpersonane sjølve bruker
- kommunisere skriftleg med kommunar og andre fylkeskommunar på det skriftspråket som kommunane eller fylkeskommunane sjølve har vedteke etter § 11 i lova

Det gjeld eigne reglar for bruken av bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument.

Skriftleg kommunikasjon med privatpersonar

Skriftleg kommunikasjon kan vere brev, e-post eller chatte-tenester. Om ein privatperson skriv til eit fylkeskommunalt organ på nynorsk, skal organet svare på nynorsk. Om ein privatperson skriv til eit fylkeskommunalt organ på bokmål, skal organet svare på bokmål.

Skriftleg kommunikasjon mellom fylkeskommunale og kommunale organ

Kommunane og fylkeskommunane gjer vedtak om kva skriftspråk andre skal bruke i kommunikasjon med dei: nynorsk eller bokmål. Nokre kommunar og fylkeskommunar er språkleg nøytrale.

Når fylkeskommunale organ kommuniserer med ein kommune eller ein annan fylkeskommune, må dei bruke det skriftspråket som kommunen eller fylkeskommunen har vedteke etter § 11 i lova: anten nynorsk eller bokmål.

Fylkeskommunale organ kan velje om dei vil bruke bokmål eller nynorsk i kommunikasjon med kommunar eller fylkeskommunar som er språkleg nøytrale.

Ei fullstendig oversikt over språkvedtak i kommunar og fylkeskommunar finst på språklov.no.




Bruk av bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument

«Allment tilgjengelege dokument» er til dømes nettsidetekst, pressemeldingar, stillingslysingar og tekstar i sosiale medium.

Ein fylkeskommune som har gjort vedtak om nynorsk, skal bruke nynorsk i allment tilgjengelege dokument. Ein fylkeskommune som har gjort vedtak om bokmål, skal bruke bokmål i allment tilgjengelege dokument. Språkleg nøytrale fylkeskommunar skal veksle mellom bokmål og nynorsk etter reglane i språklova § 13.

Les meir på [språklov.no](#)

Kva seier språklova om andre språk enn norsk?



Språklova omfattar ikkje berre norsk, men òg samiske språk, norsk teiknspråk og nasjonale minoritetsspråk.

Samiske språk

Dei samiske språka i Noreg (nordsamisk, sør-samisk og lulesamisk) er urfolksspråk i Noreg. Dei er likeverdige med og jamstilte med norsk. Offentlege organ skal bruke, utvikle og styrke dei samiske språka etter reglane i **samelova**.

Nasjonale minoritetsspråk

Kvensk, romani og romanes er dei nasjonale minoritetsspråka i Noreg. Offentlege organ skal verne og fremje dei nasjonale minoritetsspråka. Det vil seie at dei mellom anna skal

- verne dei nasjonale minoritetsspråka mot offentleg diskriminering
- arbeide for at dei nasjonale minoritetsspråka skal brukast meir

Les meir om dei nasjonale minoritetsspråka på [språklov.no](#).

Norsk teiknspråk

Norsk teiknspråk er det nasjonale teiknspråket i Noreg. Offentlege organ skal verne og fremje norsk teiknspråk. Det vil seie at dei mellom anna skal

- verne norsk teiknspråk mot offentleg diskriminering
- arbeide for at norsk teiknspråk skal brukast meir

Les meir om norsk teiknspråk på språklov.no.

Skandinaviske språk

Offentlege organ skal ta imot skriftlege og munnlege førespurnader på svensk og dansk, men dei kan svare på norsk.

Les meir om bruk av skandinaviske språk på språklov.no.



Utfyllende informasjon og råd om etterleving
av reglane i språklova finst på **språklov.no**.

Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål
og rettleier offentlige organ om reglane i språklova.

språkrådet.no

Språkrådet: